



*Ulla Skulehus Haramsey  
Skjipa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

## **Styremøte Ulla Skulehus 28. juni 2009 kl 1500**

Møtestad: Kitta-huset på Ullahammaren

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Grethe Flem Ulla og Peder Ulla

### **Sak 6 2009/2010**

#### **Godkjenning av referat**

Referat frå møte 11.4.2009 vart godkjent.

### **Sak 7 2009 /2010**

#### **Godkjenning av sakliste med tilføyingar**

Saklista for møtet vart godkjent med tilføyingar.

### **Sak 8 2009/2010**

#### **Oppsummering av teaterframsyning**

Oppsummerte teaterframsyninga 27. juni 2009. Flott framføring, flinke skodespelarar, god oppslutnad med om lag 60 oppmøtte, førebuingane grei, kos med musikk og sal av kaffi og kaker.

### **Sak 9 2009/2010**

#### **Logo for Ulla Skulehus**

Framlegg til logo vart godkjent

### **Sak 10 2009/2010**

#### **Blendingsgardiner**

Blendingsgardiner er innkjøpt, opphengd og utprøvd, med godt resultat.

### **Sak 11 2009/2010**

#### **Økonomisk støtte**

Knut orienterte om søknad om økonomisk støtte. Sparebanken Møre bevilga kr 10000. Avslag frå "kulturminne-året"

### **Sak 12 2009/2010**

#### **Val av revisor**

Knut tok kontakt med Kristin Martinussen, ho er registrert regnskapsførar og tilbydde seg å vere revisor. Dette vart vedteke

### **Sak 13 2009/2010**

#### **Plan for utbetring og vedlikehald**

Knut lagar forslag til e-post og plakatar. Prioriteringar: skrape og måle skulen utvendig. Knut handlar inn måling. Døra blir ordna samtidig med nausta, i sommar. Martin Nystad utførar arbeidet.



*Ulla Skulehus Haramsey*  
*Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

**Sak 14 2009/2010**

**Ullafesten**

Musikalsk vorspiel til ullafesten fredag kveld, dette må i tilfelle skje spontant. Kan t.d ha musikk i høve dugnaden.

**Sak 15 2009/2010**

**Arrangementkomite**

Opprette ein komité på årsbasis. Grethe spør aktuelle medlemmar.

**Sak 16 2009/2010**

**Formalitetar i laget**

Dette kjem vi tilbake til etter ferien.

**Sak 17 2009/2010**

**Tombola på Ullafesten**

Astrid Ullahammar ønskjer å organisere dette under ullafesten.

**Sak 18 2009/2010**

**Medlemsverving**

Vi nyttar høvet til å promotere Ulla skulehus under arrangementet.

**Sak 19 2009/2010**

**Songhefte**

Knut vil samle gode allsongar , trykke opp nokre hefter som kan ligge på Ulla skulehus.

Grethe Flem Ulla

Skrivar